Treningstider i Ørsta sentrum

Det er no høve til å søkje på treningstid i Ørsta sentrum.

Grunna Korona har våren ikkje blitt heilt slik vi hadde ønska og heller ikkje som planlagt. Prinsipp for tildeling, prisar og opningstider skulle til politisk handsaming i forkant av ny utlysing. Dette har diverre ikkje kunne gjennomførast. Vi veit heller ikkje kva det er opna opp for til hausten av treningar. Det er likevel naudsynt å starte arbeidet med fordeling av treningstid. Vi ber difor om at de søkjer ut i frå det som ligg føre no.

Hallnemnda vil tildele treningstid i nye Ørstahallen så langt det let seg gjere. Det vil seie at alle som trenar på Vikemarka må søkje til denne tildelinga.

I nye Ørstahallen kan det søkast treningstid mellom 15:00 og 21:00 (ferdig 22:00), måndag til fredag. Det er mogleg å søkje om treningstid på speleflater, friidrettsfasilitetar og treningsrom /bordtennisrom.

Ørstahallen har 3 handballbaner, med merking for handball, minihandball, basket, innebandy, volleyball, badmington.

Treningsrommet (bordtennisrom) er 190 m², med sportsdekke og ekstra takhøgde. Rommet kan passe for aktivitetar som turn, dans, sirkeltrening mm.

Hallnemnda fordeler treningstider ut i frå vedtekne prinsipp for tildeling.

Betalingssatsar for Ørstahallen

Betalingssatsar Ørstahallen		
Frivillige lag og organisasjonar	**Måndag til fredag**	**Helg**
Heil hall (speleflater)		500 kr timen/5000 kr dag
Heil bane + garderobe	150 kr timen	250 kr timen/2500 kr dag
Ekstra garderobe		350 kr/dag
Stort møterom (160 kvm)	100 kr timen	
Møterom (80 kvm)	75 kr timen	
Lite møterom (20 kvm)	50 kr timen	
Kjøkken 1.etasje		500 kr dag
Treningsrom 2.etasje	100 kr timen	
Løpebane og hoppegrop	150 kr timen	
Klatrehall	Eigen avtale	Eigen avtale

Laga vert fakturert for heile tidsperioden dei har søkt på og får tildelt.

Søknad på treningstid skal innehalde

- Kva aktivitet
- Aldersgruppe
- Om lag tal deltakarar

- Tidsperiode laget ønskjer å trene. Til dømes: Vi ønskjer å trene frå august 2019 og fram til påske 2020.
- Namn på ansvarleg trenar, samt kontaktinformasjon til vedkomande
- Ønskjer om tidspunkt

For større lag med fleire undergrupper skal det sendast inn ein felles søknad frå hovudlaget..

Søknadsfrist 31.mai. Søknaden skal sendast til epost: orstahallen@orsta.kommune.no

For spørsmål, kontakt dagleg leiar Rebecca Riise Bjerknes på epost orstahallen@orsta.kommune.no eller på telefon 91313572